



Rom for møte

Invitasjon til deltaking i integreringsprosjekt

Hordaland fylkesbibliotek har saman med Bergen Offentlige Bibliotek og Det Felles Innvandrerråd i Hordaland (Dfirh) blitt tildelt ein million kroner frå Gjensidigestiftinga til prosjektet Rom for møte i 2017 og 2018. Prosjektet har som formål å bidra til mangfald og betre integrering mellom nordmenn og innvandrar i Hordaland, ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar. Gjensidigestiftinga har stor tru på det biblioteka i fylket gjer for inkludering!

I prosjektet ønsker vi å få til auka samarbeid med lokale organisasjonar og institusjonar for å utvikle drift av tiltak og arrangementet. Prosjektet har fokus på språkforståing og digital kompetanse som sentrale inngangar til deltaking og inkludering i det norske samfunnet.

Folkebiblioteka i Hordaland inviterast til å søke på midlar for å skape gjensidige møteplassar i lokalsamfunna - for flyktningar, andre innvandrar og lokalbefolkninga.

Prosjektet legg opp til å starte aktivitetar i samarbeid med lokale krefter som innvandrarorganisasjonar eller andre lag og grupper. Døme på tiltak er språkkafear og norsktrening, handverkstradisjonar, lokal kystkultur, digitale verkstadar og formidling gjennom forteljingar. Det kan være å spreie gode eksisterande tiltak til nye lokalsamfunn, tilføre pågåande aktiviteter noko ekstra eller prøve ut nye aktivitetar. Bibliotek kan søke om midlar til å administrere aktivitetane (t. d. ca. 25 % til frikjøp i større prosjekter), til materiale og arrangementsutgifter som honorar.

Kven er Dfirh?
Paraplyorganisasjon
for innvandrer-
organisasjonar
og innvandrarar
i Hordaland.
www.dfirh.no



Gjensidigestiftinga er Norges største finansstifting. Offentlege verksemder kan søke om midlar i eit spleiselag med frivillige organisasjonar dersom den sistnemnte står som mottakar av stønaden.
<http://www.gjensidigestiftelsen.no/>

Dei fem tiltaksområda er:

1. Språkkafear og norsktrening

Språkkaféar har vist seg å fungere godt både som uformelle møteplassar og språkutvikling. Det kan t.d. søkas om midlar til å planlegge oppstart, besøke ein eksisterande språkkafé og/eller få besøk ved oppstart av ein med erfaring frå språkkafé, dessutan enkel servering. Ein søker saman med lokale krefter, dvs. organisasjonar og frivillige.



2. Handverkstradisjonar

Strikkekafeer har blitt populære rundt om i Hordaland. Dei kan startast saman med f.eks. lokale husflidslag. Eller kanskje en serie eller et enkelstående arrangement med fokus på treskjering eller mekking av sykkel er meir aktuelt? Dfirh har god erfaring med treff rundt bruk av hovudeplagg i Norge og ulike kulturområder. Formålet er møte kring felles interesser og at innvandrarak inviterast inn i det lokale fellesskapet.

3. Den lokale kystkulturen

Eit utgangspunkt for aktivitet kan vere ei brei interesse for kunnskap om kyst, fiske og båtar som ein ønskjer å dele. Det kan opprettast samarbeid med Kystsogelaget og lokale turlag om aktivitetar. Biblioteka kan t.d. søke om midlar til utleie av fiskeutstyr lokalt. Aktivitetar ein søker om kan sjåast i samanheng med andre tiltak, som det å planlegge fiske- tur for språkkafear som avslutning på sesongen.

4. Digitale verkstadar

«Makerspace» er blitt ei trend i bibliotek. Bibliotekrommet blir tatt i bruk til ulike praktiske aktivitetar. Som ein inngang for felles møter på tvers av kulturar, kan ein søke om midlar til å kjøpe inn utstyr som 3D skrivarar. Det er viktig å tenke på aktivitetar ein kan nytte utstyret til. Bergen Offentlige Bibliotek har t.d. erfaring med kodekurs for barn med flyktning- bakgrunn.

5. Rom for forteljingar

Prosjektet ønsker å støtte lokal formidlingsaktivitet, med utgangspunkt i biblioteka som ein møteplass for å dela forteljingar på tvers av kulturar. Desse aktivitetane kan t.d. sjåast i samanheng med andre integreringsprosjekt som Fortell, u sheeg!, der ein skipar aktivite- tar i utgangspunkt i tospråklege forteljarpar.

Krav til søknad: Skriv ein enkel søknad med budsjett, knytt til eit eller fleire tiltaks- område.

Søknadssum: frå små beløp og opp til 40 000 kr. Ein søker denne gongen for akti- vitetar som startar i 2017.

Frist: 31. mars

Sendast til: fylkesbiblioteket@hfk.no

Nærare informasjon: terje.haugsgjerd@hfk.no / 483 06 260